Eldar Heide

Horg(j)ane på Ljoneshalvøya i Hardanger: ein svært sannsynleg *hǫrgr*

Innleiing

Ein *horg* er særleg kjent som ein type førkristen kultstad. Ordet er nemnt mange gonger i dei norrøne og andre gammalgermanske tekstane (norrønt *hǫrgr*, gammalhøgtysk *harug*/**harag*/**harg*; gammalengelsk *hearh*, <**harguz*, sjå Heide 2015: 8-10)[1] og finst vidt ikring i nynordisk, frå Island til Svensk-Finland. Men opplysningane spriker i mange retningar, så det er vanskeleg å få noko klårt inntrykk av kva ein horg var for noko. I nynordisk kan det m.a. vera 'røys', 'blokkmark', 'fjell med bratte sider og flat topp'; i norrønt m.a. 'kultisk steinkonstruksjon', 'kultbygning, i alle fall delvis av tre, tydelegvis høg' (*hátimbraðr*), i vestgermansk m.a. 'tempel', 'heilag lund' og 'altar'. Det etablerte synet er at horg opphavleg tydde 'steinrøys, steingrunn e.l.' (sjå t.d. Olsen 1915: 293, Olrik og Ellekilde 1926: 495-99, 487, 495, de Vries 1956 I: 377 ff., Olsen 1966: 110).

Går ein den teorien nærare etter i saumane (Heide 2015), viser det seg at grunnlaget for han er veikt og at han i stor grad bygger på sirkelslutning: Når ein har meint at 'steinrøys, steingrunn' er kjernetydinga i det gammalgermanske korpuset, så bygger det i stor grad på at ein har meint den etymologiske tydinga er 'steinrøys, steingrunn'. Men den etymologien er føretrekt berre fordi ein har meint at dét er kjernetydinga i tekstkorpuset. Det er det ikkje, når ein ser nærare etter; i mellomalderkorpuset er det ingen udiskutable døme på at horg tyder 'steinrøys, steingrunn'. Ein alternativ etymologi (fyrst føreslått av Noreen 1894:87) som ingen har reist formelle innvendingar mot er at horg/**harguz* er same ord som latin *carcer* 'innhegna stad, fengsel, barriere eller startbås på veddeløpsbane'. Når den etymologien er vorten avvist, så er det fordi ein har meint at kjernetydinga av horg er ikkje innhegning, men røys (tydeleg m.a.

1) Sjå Fritzner 1883-96 II: 191, Vikstrand 2001: 207-25, Olsen 1915: 285-300, Olsen 1966 : 103-115, 225-28, Rostvik 1967: 82-86 og Heide 2015.

hos Walde og Hofmann 1938–56 I: 166). Det kan sjå ut til å vera omvendt. Frå gammalhøgtysk er **harag* kjent i tydinga 'hasselinnhegning som eidar vart svorne innanfor på tinget' (Meier 1950: 41-53 og Schmidt-Wiegand 1967: 35). I *Øm klosters krønike* frå tidleg på 1200-talet ser horg ut til å vera brukt om 'hesteinnhegning' (*Exordium monasterii quod dicitur cara insula* 1922: 259). Ved Vorma på Øvre Romerike ser det ut til at ein steinring er bakgrunnen for gardsnamnet *Horgen* <**Hǫrgvin* (Heide 2015: 14). I Uppland i Aust-Sverige er eitt av namnegranskaren Vikstrand sine beste alternativ for ein horg, kultkomplekset på Odensala prästgård, ei innhegning av to låge steinmurar utanfor kvarandre med mange opningar i (Vikstrand 2001: 217-22, jf. Brink 2001: 104-05). I Heide 2015 har eg gått gjennom stadnamn på *horg* og sett korleis stadene ligg i landskapet. Utgangspunktet var *horg*-namna utanom Hordaland, fordi Hordaland er avvikande. Her i fylket er det over 70 *horg*-namn (ifølgje oversynet hos Rostvik 1967: 52-66), så godt som alle fjellnamn, medan det i resten av landet er berre ikring 30 *horg*-namn, av dei mindre enn ein tredel fjellnamn. Tydelegvis har det i Hordaland skjedd ei særutvikling som har ført til at *horg* kan brukast om svært mange slag fjell og åsar, ulikt resten av landet. Den særutviklinga kan ha skjedd nokså seint, så av den grunn har eg valt å leggja mest vekt på resten av landet, fordi målet mitt har vore å finne fram til ei opphavleg eller svært tidleg tyding av horg. Resultatet av granskinga viser eit sterkt samband mellom *horg*-namn og landskapsbarrierar, særleg på gamle ferdslevegar, som Horgehornet i Lærdal, og med grenser og bygdeborger. Dette høver med barriereelementet i latin *carcer*, og med den viktigaste tydinga i svensk *horg* / *harg*: Tydinga 'steingrunn, blokkmark' er berre ein del av ei tyding 'vanskeleg passerbart eller framkomeleg terreng (pga. blokkmark, vindfall, tett underskog, e.a.)', altså ein type landskapsbarriere. Legg ein ei tyding 'barriere, innhegning' til grunn, så kan så godt som heile *horg*-materialet få plass i éin forståingsmodell (sjå Heide 2015). Den viktige tydinga 'kultstad' kan i så fall sjåast som ei avleiing av tydinga 'innhegning', med di kultstader svært ofte er og har vore innhegna. Ein kan meine at det er langt mellom tydingane 'barriere' og 'innhegning', men ein kan òg sjå dette som variantar av 'grense mellom område med ulik sosial status'.

Horg(j)ane på Ljoneshalvøya

Slik Vikstrand peikar på (2001: 212), er ingen *hǫrgr*/*hargher* til no påvist sikkert; «[man....] befinner sig i början av en lång forskningsprocess, som förhoppningsvis kommer att göra det möjligt att koppla samman terminologi och materielle lämningar» (ibid). Av Vikstrand sine eigne forslag er fleire likevel rimelege, m.a. kultanlegget på Odensala prästgård (sjå ibid: 217-23).

No kan ei stor steinrøys i Hardanger, saman med landskapsformasjonen ho ligg på, truleg identifiserast som ein *hǫrgr*, på grunn av det nedarva namnet røysa har. Opplysning om dette finst i ei kjelde som er vorten oversedd av forskinga:[2] Meidell 1921 (: 38) nemner at ei stor røys eller nokre røysar ved sjøen vart kalla *Horgjane* eller *Horgjen*,[3] som kan normaliserast *Horgane* og *Horgen*, på fjordsida av halvøya mellom Tørvikbygd og Ljones (lengst sør i dagens Kvam herad):

> «Skraas overfor [Jonaneset] paa vestsiden av det smale fjordløpet findes [...] endel store stensamlinger, menneskeverk fra formentlig nogenlunde samme tidsrum; de ligger overfor Kirkebygden, en god kilometer indenfor spissen av Ljones og i kortere avstand fra Ljones gaard. Stensamlingen som jeg bare har set paa frastand, synes meget stor, ser ut som en flat røis og har et navn som maa vække nogen opmerksomhet – den kaldes i bygden for Horgjane! En enkelt angivelse «Horgjen» fik jeg ikke sikker bekreftelse paa. Navnet findes hverken paa kartene eller i trykt litteratur og jeg nevner det derfor her. Bygdefolk reserverte sig paa forespørsel mot at navnet skulde omfatte berget eller aasen bakenfor, navnet hefter ved stensamlingen og flaten den ligger paa. Det passer heller ikke til Ivar Aasens tolkning fra Voss (store fjelde), aasryggen bakom er lav. De nærmeste gaardene er Eide, Kvitastein og Ljones...»

2) Takk til Jarle Øvrehus, Mauranger, for tips.

3) Namneforma Horgjane¸ med palatal uttale -j-, er litt overraskande. Fleirtalsforma burde ha -rg-, *Horgane, av gammalnorsk *H□rgar(nir); palatalen skulle berre oppstå føre palatal vokal, i H□rginn (akkursativform). Men Horgjane kan enkelt forklarast som analogi til eintalsforma, som lydrett skal ha palatal anten ordet er hankjønn (som i Horgjane og Horgjen, det siste frå éin heimelsmann hos Meidell), som på gammalnorsk, eller hokjønn (Horgja), som i fjellnamn i dag. (På norrønt er det eitt tilfelle der horg ser ut til å vera hokjønn, Landnámabók 1968: 140.).




Figur 1. Ljoneshalvøya slik ho ligg i Hardangerfjorden. Frå norgeskart.no 26.03.2015. Den største røysa merka med svart ring.

Namnet er heller ikkje fanga opp på seinare kart eller i namnesamlinga som Universitetet i Bergen har frå området. Meir om det nedanfor.[4]

Det er tydelegvis røysa eg har markert med ring midt i Figur 1 og med stor ring til høgre i Figur 2 Meidell siktar til, trass i at ho ligg ca. 3 km frå Ljones[tangen] heller enn «en god kilometer», slik Meidell oppgjev. Dette er grunnane til å dra den konklusjonen: Sett frå Jonaneset, som Meidell skriv om like før, ligg sjøstrekninga som

4) Takk til Kjell Erik Steinbru for opplysning om dette.



Figur 2. Utsnitt av O-kart Ljonesåsen, utgjeve av Tørvikbygd IL, 1979. Røysar merka med svarte ringar, den største med størst ring.

denne røysa ligg ved «Skraas overfor paa vestsiden av det smale fjordløpet», ned mot Ljones[tangen], som Meidell òg plasserer røysa i høve til, og sjøstrekninga ligg «overfor» «Kirkebygden» i Jondal. Det stemmer svært godt at ho ligg med eit berg eller ein ås bakom, og at berget/åsen er låg(t) (altså relativt sett, på begge sider av fjorden når fjella over 1000 m, medan berget bakom «vår» røys er 150-250 m høgt) og naturleg kan beskrivast både som berg og ås. (Delar er skogkledd li, delar er berg, stup.) «[I]ndenfor spissen av Ljones» høver òg godt, det er tydeleg at han med «Ljones» vekselvis meiner garden Ljones og neset, altså Ljonestangen. (Garden Ljones er kalla opp etter neset, men ligg i ei vik innanfor / nord og vest for neset.) Høver godt gjer òg «i kortere avstand fra Ljones gaard [enn Ljonestangen]»; røysa ligg klårt nærare Ljones-garden enn Ljonestangen i luftlinje, og at Ljones, Eide og Kvitastein er dei gardane som ligg nærast. At Meidell har sett røysa på avstand, men likevel så nært at han kan beskrive form og storleik, høver med at ho ligg ved sjøen ein stad det er vanskeleg å gå i land (sjå nedanfor); elles er det vanskeleg å forstå kvifor han ikkje berre gjekk bortåt og kika. (På den tida Meidell såg røysa, var sjøen viktigaste ferdslevegen i Hardanger.)

Det er altså tydelegvis sjøstrekninga langs Ljonesåsen Meidell siktar til. Der er det registrert tre røysar på Askeladden (https://askeladden.ra.no/askeladden/, adresse sjekka 03.05.2013), sjå Figur 2. Men berre den nørdste / inste er «meget stor»; ho er 24 m i tverrmål, medan dei andre to er mykje mindre. (Synst/ytst på halvøya, mellom Tangen og Saltbuvika, er det òg nokre digre røysar, men dei er utelukka av grunnane ovanfor. Lenger nord/inn, ved Straumasteinen, er det òg nokre røysar, men ikkje så store.) Det er likevel truleg at både Meidell og namnetradisjonen viser til den største røysa fyrst og fremst, men samtidig til alle tre. Meidell snakkar nemleg om «endel store stensamlinger», i fleirtal, og seier «de ligger overfor Kirkebygden», før han umerkande glid over i eintal: «Stensamlingen ... synes meget stor». Ser vi nøye etter, så uttrykker Meidell seg i fleirtal når han oppgjev avstanden til Ljones[tangen], og då blir «en god kilometer» mindre feil. I namnetradisjonen er det pussig om fleirtalsforma «Horgjane» skal vise til ei einstaka røys, og det synest å har vore vakling mellom eintals- og fleirtalsform, med fleirtalsforma som dominerande. Eg konkluderer med at «Horgjen»/«Horgjane» særleg er den største røysa, men til dels alle tre.

Men kan vi lite på at namnet verkeleg har funnest – at Meidell ikkje har mishøyrt seg – når namnet ikkje er fanga opp på kart eller i namnesamlingar? Kan han ha høyrt namnet *Horggjona*, som er gjelet opp frå den markerte vika øvst til høgre i Figur 2 (i dag gjerne kalla *Horggjonsgjelet*, medan *Horggjona* blir brukt om området), og trudd at det var namn på røysa/røysane, og oppfatta uttalen av dét namnet som *Horgjane* eller *Horgjen*? Det er svært lite truleg. Alt tyder på at Meidell har sett røysa/røysane frå båt på veg framom, og han uttrykker seg slik at det høyrest ut som han har stått og peika på røysa og spurt bygdefolk attmed seg («Bygdefolk reserverte sig paa forespørsel mot at navnet skulde omfatte berget eller aasen bakenfor, navnet hefter ved stensamlingen og flaten den ligger paa.»). Det er ein situasjon ein ikkje så lett misforstår. At Meidell ikkje skal ha høyrt skilnad på *Horgjane*/*Horgjen* og *Horggjona* er òg urimeleg, av fleire grunnar.

- Meidell hadde slekt i Sunnhordland og reiste mykje i Sunnhordland og Hardanger, så han må ha hatt god kjennskap til grammatikken i dialekten og eit øvd øyre for han.

- Desse namna ville ha svært ulik uttale. Hankjønnsfleirtalsforma ville ha tostavingstonelag og trykket på /hor-/, altså/horjane/, medan det samansette namnet *Horggjona* blir uttala med einstavingstonelag og trykket på *-gjon*, altså/horju:no/,[5] og dermed lang *o* (uttale høyrd hos Kristian Djupevåg, Tørvikbygd, 17. april 2013 og Lars Berge, Tørvikbygd/Bergen 8. juni 2013). Eintalsforma *Horgjen* er endå meir ulik /horju:no/, i og med at ho har ei staving mindre.
- Det Meidell skriv om forma *Horgjen* i høve til *Horgjane* viser at han har spurt fleire informantar direkte om namneformene og vurdert opplysningane kritisk. Det viser òg at han var fullt ut i stand til å høyre skilnad på ulike namn og namneformer.

Namnet og gjelet *Horggjona* er tvert imot støtte for at ein annan stad der i området har heitt noko med *horg-*, for namnet er samansett av *horg* + *gjo* (<*gjó* / *gjá* f. 'gjel, kløft, rivne')[6] + *n* (gammal bunden form) + *a* (nyare bunden form), og tyder altså 'gjelet ved horgen eller horgane'. Det høver, for det er berre nokre hundre meter mellom Horggjona og den store røysa.

At namnet ikkje er registrert av kartmakarar og namnesamlarar seinare er rimeleg, for staden ligg så utilgjengeleg at den og dermed namnet har vore lite brukt i nyare tid. Av sju-åtte godt vaksne eller tilårskomne bygdefolk eg snakka med i april–mai 2013 var det berre éin som visste om røysa og hadde vore der; han var hjortejeger og eigar av skogen ikkje langt unna. Ein annan, som var bonde med eigedom heilt innåt røysa, visste ikkje om ho – endå ho er 24 m i diameter! Ein 98-åring frå ein av nabogardane visste om ho, men hadde aldri vore der. Røysa ligg på eit platå ikring 20 m over sjøen på ei strekning der det er bratt og få stader å koma i land. Ho er ikkje så godt synleg som dei røysane som ligg på låge nes. (Men ho var nok betre synleg før det vart fjerna store mengder stein til eit kaian-

5) I lydskrift (skråstrekane markerer at det som står mellom er lydskrift) representerer /o/ å-uttale, medan /u/ representerer o-uttale, altså som i t.d. tysk, italiensk og spansk. Heva eitt-tal eller to-tal markerer einstavingstonelag (som i bønder) eller tostavingstonelag (som i bønner). Kolon markerer at føregåande vokal er lang; berre vokalar som står med kolon etter har lang uttale. Lang vokal er nødvendigvis trykksterk.

6) Forma gjó er på norrønt berre heimla i tydinga 'vellystig Levnet' (Fritzner 1883-96 I: 606 / 601). Jamfør at å «beligge en Kvinde» kunne heite å gilja (ibid: 596), av gil 'gjel, kløft'. Vakling á – ó er det mange døme på i einstava hokjønnsord.




Figur 3. Den største røysa sedd frå nord-nordaust 1. mai 2013. Foto: Eldar Heide.

legg i Tørvikbygd og til Torsnes i 1930-åra [opplysning frå Vidar Eide, Eide, formidla av Jan Roy Eide 1. mai 2013].) Ovanfor stig åsen opp til 100-150 meter. Det er så bratt at det berre er éi rute som er greitt gåande ned dit. At Meidell fekk høyre namnet kan koma av at han fór med båt og var glødande interessert i fornminne, ulikt kartmakarane og namnesamlarane før og etter han.

Figur 3 og Figur 4 viser den største røysa. Tverrmålet er 24 m. På Meidell si tid var røysa «flat», seier han, men som vi har opplysning om og ser i Figur 4, er det fjerna ganske store mengder stein etter det. På staden såg likevel ytterkanten ut til å vera nokså urørd,[7] og med full fylling inni den må røysa ha vore verkeleg ruvande. Røysa er udatert, men ein meiner at dei fleste slike kystrøysar høyrer bronsealderen til (Østerdal 1999, Hagen 1983: 179, Magnus og Myhre 1976: 134), så til vi veit meir bør vi gå ut frå at det er ei bronsealderrøys. Attbruk av bronsealderrøysar i jarnalderen kjenner vi òg døme på (Østerdal 1999, t.d. Hystad på Stord). Namnet *Horgen/Horgane* illustrerer òg det; det er ikkje frå bronsealderen, men frå jarnalderen.

Kan namnet i staden vera frå nyare tid? Det er jo ingen grunn til å tru at alle *Horg*-namn i Hordaland er førkristne (jf. Heide 2015)?

7) Eg inspiserte røysa 1. mai og 25. juni 2013.



Figur 4. Den største røysa sedd frå vest 1. mai 2013. Foto: Eldar Heide.

Sant nok, men *Horgen* og *Horgane* er einestående blant desse namna på to måtar som gjer dei til «tradisjonens lectio difficilior»:[8]

a. Appellativet (samnamnet) *horg* er hokjønn i dialektane i dag (Aasen 1873: 299, Ross 1971 [1895]: 332), og så vidt eg veit er det hokjønnsform i alle andre norske namn som har *horg* i bunden form (i ubunden form er ikkje kjønn synleg i dette ordet).[9] Når *Horgen* og *Horgane* likevel er hankjønn,[10] som *hǫrgr* i gammalnorsk, må det vera fordi namna er nedarva frå gammal tid, stivna i gammal form.

8) Ein regel i gransking av gamle handskrifter (tekstkritikk) er at når ulike handskrifter har ulike lesemåtar på eit visst punkt i teksten, så er den mest uvanlege eller påfallande lesemåten truleg den mest opphavlege, fordi skrivarane heller ville skifte ut uvanlege ord og uttrykk med slike som er vanlegare og mindre avvikande, enn omvendt.

9) Sjå namnesøket på http://norgeskart.no/. Gardsnamnet Horgen, som finst nokre stader, kjem av *Hǫrgvin, så -en i desse namna er ikkje bunden hankjønnsartikkel.

10) Endinga -ane, som i Horgane / Horgjane er mogeleg i hokjønn (t.d. myrane), jamvel om ho er uvanleg, men fjellnamn med fleirtalsform i området har -ene (/2horjene/), altså den normale hokjønnsforma (opplysning frå Stadnamnarkivet ved Universitetet i Bergen, ved Kjell Erik Steinbru).

b. Elles i Hordaland blir *horg* berre brukt om fjell; det gjeld både apellativet *horg* (Aasen 1873: 299, Ross 1971 [1895]: 332) og i namn (Stadnamnarkivet, Universitetet i Bergen. Vi har to-tre mogelege døme på fjell-tydinga i norrønt (Finnur Jónsson 1913-16: 312, men jf. Heide 2015: 37-38), men når *horg* er så vanleg i fjellnamn i Hordaland i dag, samtidig som det elles ikkje er kjent som nemne på røysar, har det tydelegvis skjedd ei særutvikling. *Horgen* og *Horgane* i røysnamn under Ljonesåsen er eldre enn den særutviklinga.

Det er altså gode grunnar til å oppfatte røysnamna *Horgen* og *Horgane* som svært gamle, samtidig som desse røysane og staden dei ligg på går godt i hop med opplysningane vi har om førkristne *hǫrgar*. Eg har før nemnt at norrøne *hǫrgar* kunne vera steinkonstruksjonar, og eg skal straks nemne fleire slike opplysningar.

Det er likevel ikkje nødvendig å oppfatte desse namna som førkristne, for mellomalderlovene viser at folk i høgmellomalderen òg var fullt klar over kva den førkristne *hǫrgr* var (døme hos Olsen 1915: 289). Namna kan altså vera gjevne tidleg i mellomalderen eller i høgmellomalderen, men likevel gje døme på kva folk oppfatta som *hǫrgr* den gongen tradisjonen om førkristne *hǫrgar* var levande. Det enklaste er likevel å gå ut frå at namna er førkristne, og det ville ikkje vera noko unormalt med det, så mange førkristne namn som har overlevd fram til i dag. Uansett er det fyrste gongen vi har opplysning om at eit visst, konkret kultminne vi kjenner i dag har vorte kalla horg frå gammalt av.

Horgane på Ljoneshalvøya i større samanheng. Kva slag kult?

Det at Horgane under Ljonesåsen ligg i utmark, langt frå folk, talar ikkje imot at dei vart kalla *hǫrgar* i mellomalderen eller førkristen tid. Ei formulering i *Soga om Olav den heilage* (*Óláfs saga helga*) viser at *hǫrgar* godt kunne liggja slik til: Kong Olav Haraldsson *braut … niðr … hamra ok hǫrga, skóga, vǫtn ok tré ok ǫll ǫnnur blót* (*Flateyjarbok* 1860-68. III: 246, normalisert her) 'braut … ned … hamrar og horgar, skogar, vatn og tre og alle andre kultstader'. Her ser det ut som *hǫrgar* særleg var i utmark, for alt anna som er nemnt her er naturformasjonar og ting som særleg høyrer til i naturen. Dette tyder likevel ikkje at alle *hǫrgar* låg i utmark; tvert imot går det fram

av *Gulatingslova* at *hǫrgar* ofte låg på innmarka ved gardshusa. (Kvinner kunne vitne i drapssaker dersom drapet hadde skjedd innanfor utmarksgjerdet [*akragerði*] og korkje *hǫrgr* eller *haugr* skygde for utsynet til drapsstaden. *Gulatingslova* 1994: 109, fotnote).

Bevarte *horg*-namn i Noreg ligg likevel i stor grad i utmark. Når ein går gjennom heile materialet (slik eg har gjort i Heide 2015), viser det seg at dei i slåande grad er knytte til landskapsbarrierar av ulike slag: Fjell som «tvingar» viktige ferdslevegar rundt seg, naturlege dele mellom bygder og distrikt, ofte slike som har gjeve opphav til offisielle grenser, eller bygdeborger, eller blokkmark som det er vanskeleg å ta seg fram i. Dette mønsteret kan via typologisk datérbare gardsnamn forankrast til 5-600-talet (*vin*-namn og *heim*-namn) eller til tida då dei eldste (germanske) gardsnamna vart gjevne (usamansett *Hǫrgr* på linje med *Áss*, *Vík*, *Nes*, osb.), og det kan forklare mesteparten av den tilsynelatande sjølvmotseiinga mellom dei ulike formene av horg i det samla germanske materialet.

Mønsteret høver også på horgen som blir drøfta her: Røysa(ne) ligg på halvøya som i mellomalderen var grensa mellom distrikta Harðangr og Hǫrðaland, (Brekke m.fl. 1993: 368), godt synlege frå skipsleia, som var hovudferdslevegen mellom dei to distrikta. (*Hardingahola*, som er vika like nord for / innanfor den største røysa, skal vera eit minne om denne grensa.) Grensa mellom Strandebarm og Jondal før kommunesamanslåinga ser ut til å ha gått gjennom den største røysa (sjå kart frå 1930 hos Martinussen 1988: 4). Vi kan derfor sjå det slik at horgen på Ljoneshalvøya er røysa / røysklynga og landskapsbarrieren dei ligg på *i lag*. Halvøya er ein landskapsbarriere mellom Harðangr og Hǫrðaland, ganske lik Hårberget (*Hǫrg-) som markerer grensa mellom Nordland og Troms i Tjeldsundet, berre mindre utprega (jf. Heide 2015: 19, 21-22, 26). Røysa/røysklynga markerer om lag midtpunktet på den landskapsbarrieren, eller fokuspunktet, om ein vil (jf. figur 1). Kanskje blir dette barriereinntrykket understreka av at røysa/røysane ligg på hamrar som liknar bygdeborger (flater med stup nedanfor, trass i at terrenget stig vidare ovanfor flatene), ualminneleg vanskeleg tilgjengeleg, slik vi har sett. Synsinntrykket (men neppe røyndomen) er at røysane ligg på borger som vaktar passeringa, slik bygdeborger med *horg*-namn vaktar passering på andre viktige, eldgamle ferdslevegar, nemleg synst i Byglandsfjorden, i Snåsa og Melhus (Heide 2015: 32). Desse

tinga er truleg bakgrunnen for at namnet/a *Horgen/Horgane* vart knytt til røysa(ne).

Ljoneshalvøya med Horgane er spesielt parallelle til det nemnde Hårberget i Nord-Noreg, med di begge markerer grense mellom distrikt som kan ha vore småkongedøme/hovdingdøme før rikssamlinga (jf. Bertelsen 2015).

Kva kan vi så seia om kult i samband med røysane Horgen/Horgane under Ljonesåsen? Kva slag kult som fanst i samband med horgar veit vi enno lite om, men det ser ut til at han har vore meir mangslungen enn ein tidlegare har meint (meir om dette i Heide 2015: 42 ff.). Tradisjonelt har ein gått ut frå at horgar var stader/anlegg for dyrking av gudar, med ofring av dyr m.m., og det har det ganske sikkert vore i mange tilfelle, jf. svenske gardsnamn samansette av gudenamn og horg: *Odhinshargher* og *Porshargher*. Men når *horg*-namn er knytte til monumentale og «blokkerande» fjell ved skipsleier eller andre gamle ferdslevegar, så er det rimelegare å gå ut frå at det har vore ein svært enkel kult som vi kjenner frå passering av slike stader i ettermellomaldereleg tradisjon: Folk har trudd at det var overnaturlege makter som heldt til i slike naturformasjonar og styrde vêr og vind, og andre naturfenomen ikring dei. For å halde seg på god fot med desse maktene var det derfor skikk å helse når ein fór framom – med å lette på huva, kysse berget e.a. – eller å «ofre» noko småtteri til maktene med å leggja ein kvist, småstein, bær e.a. på ein haug eller røys ein passerte (slike vart kalla *kast* eller *varp*. Sjå Olrik og Ellekilde 1926: 482, Solheim 1952: 52 ff., Solheim 1940: 141-68). Når det gjeld røysane på Ljoneshalvøya, ville det ofte vore strevsamt å koma seg på land for å leggja noko på dei, men vi kan tenkje oss at folk gjorde noko slag helsing eller enkel, symbolsk ofring når dei segla eller rodde framom og dermed passerte distriktsgrensa. Å halde seg på god fot med maktene i landskapet ville i alle fall vera viktig, i ein fjord der vindtilhøva er så vanskelege at det er vide kjent jamvel i vår motoralder.

Summary: This article concerns a heap of stones (*røys*) or a cluster of such heaps bearing the name *Horgen / Horgane* in Hardanger, Western Norway, and argues that the name is ancient. This argument is based on the fact that the gender and meaning of the name correspond to the Old Norse usage, but deviates from the current usage,

of the term *horg* in the area. This leads on to the conclusion that the site is therefore the first very probable *hǫrgr* cult site that we know of. The background of the name seems to be that the site is located in the centre of a headland forming the border between the medieval districts of Harðangr og Hǫrðaland and as such it may support the theory that 'barrier, enclosure' was the original meaning of Germanic **harguz*.

Litteratur:

Aasen, Ivar, 1873: *Norsk Ordbog*. Anden forøgede Udgave af Ordbog over det norske Folkesprog. Christiania: Malling.

Bertelsen, Reidar, 2015: «ǫmð og det nordligste Halogaland – et nytt blikk på P. A. Munchs tanker.» I Gulbrand Alhaug m. fl. (red.): *Endre-boka. Postfestumskrift til Endre Mørck*. [Tromsø?]: Novus Forlag. 17-36.

Brekke, Nils Georg m.fl., 1993: *Kulturhistorisk vegbok. Hordaland*. Bergen: Hordaland fylkeskommune.

Brink, Stefan, 2001: «Mythologizing Landscape. Place and Space of Cult and Myth.» I Michael Stausberg (red.): *Kontinuitäten und Brüche in der Religionsgeschichte. Festschrift für Anders Hultgård zu seinem 65. Geburtstag am 23.12.2001*. Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 31. Berlin: de Gruyter. 76-112.

Den eldre Gulatingslova, 1994. Norrøne tekster 6. Utg. Bjørn Eithun, Magnus Rindal og Tor Ulset. Oslo: Riksarkivet.

Exordium monasterii quod dicitur cara insula, 1922. I *Scriptores minores historiæ Danicæ medii ævi* II [*Øm klosters krønike*]. Ex codicibus denuo recensuit M.Cl. Gertz. København. 154-264: G.E.C. Gad / Selskabet for Udgivelse af Kilder til Dansk Historie.

Finnur Jónsson, 1913-16: *Lexicon poeticum*. Forfattet af Sveinbjörn Egilsson. Forøget og pány udgivet for Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab ved Finnur Jónsson. København: S. L. Møllers Bogtrykkeri.

Flateyjarbok, 1860-68. 3 band. Udgiven efter offentlig Foranstaltning [af Gudbrandr Vigfusson og C.R. Unger]. Christiania: Malling.

Fritzner, Johan, 1883-96: *Ordbog over Det gamle norske Sprog* 1-3. 1. utg. Christiania 1867. Kristiania: Den norske Forlagsforening.

Hagen, Anders, 1983: *Norges oldtid*. 3. utg. [Oslo]: Cappelen.

Heide, Eldar, 2015: «*Hǫrgr* in Norwegian names of mountains and other natural features». *Namn og nemne*. 7-51.

Landnámabók, 1968. I *Íslendingabók. Landnámabók*. Íslenzk fornrit 1. Jakob Benediktsson gaf út. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag. 29-397.

Magnus, Bente og Bjørn Myhre, 1976: *Forhistorien. Fra jegergrupper til høvdingsamfunn*. Norges historie 1. Oslo: Cappelen.

Martinussen, Atle Ove, 1988: *Båtbygging i Strandebarm. Produksjon og omsetnad av småbåtar i Strandebarm kommune 1920-1940*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.

Meidell, Sigurd, 1921: «Fra Jondal». *Hardanger*. 1- 43.
Meier, John, 1950: *Ahnengrab und Rechtsstein. Untersuchungen zur deutschen Volkskunde und Rechtsgeschichte*. Veröffentlichungen der Kommission für Volkskunde. Deutsche Akademie der Wissenschaften zu Berlin 1. Berlin: Akademie-Verlag.
Noreen, Adolf, 1894: *Abriss der urgermanischen lautlehre. Mit besonderen rücksicht auf die nordischen sprrachen zum gabrauch bei akademischen vorlesungen.* Vom verfasser selbst besorgte bearbeitung nach dem schwedishen original. Strassburg: Verlag von Karl J. Trübner.
Olrik, Axel og Hans Ellekilde, 1926: *Nordens gudeverden. I. Vætter og helligdomme.* København: Gads forlag.
Olsen, Magnus, 1915: *Hedenske kultminder i norske stedsnavne.* Videnskapsselskapets skrifter. II, Hist.-filos. klasse, 1914: 4. Kristiania: i kommisjon hos Dybwad.
Olsen, Olaf, 1966: «Hørg, hov og kirke. Historiske og arkæologiske vikingetidsstudier». *Aarbøger for nordisk Oldkyndighed og Historie* 1965.
Ross, Hans, 1971 [1895]: *Norsk Ordbog. Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen.* Nyprent av 1895-utgåva, Christiania: Cammermeyer, som hadde med tillegg I og II; II basert på «Optegnelser» av Sophus Bugge. Tillegg III-VI kom i 1902, 1910, 1912 og 1913, og dei er med i 1971-utgåva. Oslo: Universitetsforlaget.
Rostvik, Allan, 1967: *Har och harg.* Studier till en svensk ortnamnsatlas 11. Uppsala: Almqvist & Wiksell.
Schmidt-Wiegand, Ruth, 1967: «Alach. Zur Bedeutung eines rechtstopographischen Begriffs der fränkischen Zeit». *Beiträge zur Namenforschung. Neue Folge* 2. 21-45.
Solheim, Svale, 1940: *Nemningsfordomar ved fiske.* Oslo: Det norske videnskaps-akademi.
———, 1952: *Norsk sætertradisjon.* Instituttet for sammenlignende kulturforskning, Serie B, Skrifter 47. Oslo: Aschehoug.
Vikstrand, Per, 2001: *Gudarnas platser. Förkristna sakrala ortnamn i Mälarlandskapen.* Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi. Studier till en svensk ortnamnsatlas utgivna av Thorsten Andersson. Dr, philos.-avhandling, Uppsala universitetet. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur.
Vries, Jan de, 1956: *Altgermanische Religionsgeschichte.* 2. völlig neu bearb. Aufl. Grundriss der germanischen Philologie 12: 1-2. Berlin: de Gruyter.
Walde, Alois og J.B. Hofmann, 1938-56: *Lateinisches etymologisches Wörterbuch.* 3 band. Indogermanische Bibliothek. 1. Abt. 1. Reihe 2. Indogermanische Bibliothek. 2. Reihe, Wörterbücher. 3., neubearbearbeitete Auflage von J. B. Hoffmann. Heidelberg: Winter.
Østerdal, Arnulf, 1999: *Tid, rom og sted. Bronsealderrøysene i Hordaland.* Hovedfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.

HARDANGER HISTORIELAG

HARDANGER

2015

hardanger historielag

ISBN 978-82-712993-2-1

Hardanger Historielag vart stifta i 1908, og gjev kvart år ut årboka «Hardanger». Det vert lagt vinn på å presentera både samlande utgreiingar og reint kjeldemateriale.

Meir informasjon om laget finn du på
www.hardanger-historielag.com
Her er det lagt ut ein bibliografi over alt som er gjeve ut av historielaget.

Medlemspengar i Hardanger Historielag for 2016 er kr. 236,- Medlemer får årboka fritt tilsendt.

Innmelding i laget og tinging av årbøker og tilleggshefte:
www.hardanger-historielag.com
Forretningsførar Øystein Pugerud, 5777 Grimo
Tlf. 53 66 61 86
e-post: post@pugerud.no
Facebook Hardanger – lokalhistorisk årbok

Redaksjon for årboka 2015:
Maarit Bleie Mannsåker (redaktør)
Harald Hognerud (biletredaktør)

For kontakt med redaksjonen:
Tlf. 901 21 919
e-post: redaksjon@hardanger-historielag.com

Utforming:
Sats Montasje Design AS, Bergen
Grafisk produksjon: John Grieg AS, Bergen

Framsidefoto: Lindahl, Axel: «Hardangerpike»

Innhaldsliste 2015

Helena Kjepso:
Helsing frå leiaren 5

Marit Bleie Mannsåker:
Føreord 7

Agnete Bratland Sivertsen:
Å leva av tradisjonshandverk 9

Eldar Heide:
Horg(j)ane i Hardanger: ein svært sannsynleg hǫrgr 31

Ståle Dyrvik og Brita Jordal:
Jentene på Seljestad skysstasjon 49

Botolv Helleland:
Gamle usamansette gardsnamn i Hardanger 75

Svein Eide:
Strilekrigen og hardangerbøndene 95

Oddmund Hus:
Jon Skaar – *Fra Bondebygderne* 115

Geirmund Skeie:
17. mai-tale frå 1909 – Ivar Nestaas 121

Lars O. Bleie:
Eit sagbruksløyve anno 1767 137

Arne Apold:
Johannes O. Apold – Livsminne 147

Ivar Nestaas:
Lars O. Apold – Memorandum 153

Finn Måge:
Edling Gjertveit 181